

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.11.2016

**Pål Kårbø (KrF)** sette på vegner av KrF, A og Sp fram slikt forslag:

«Justert framlegg:

1. Fylkesutvalet viser til at E 134 er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Aust/vest-utgreiinga synte at E 134 med arm til Bergen er det einaste samfunnsøkonomisk lønsame aust/vest-konseptet mellom Oslo og Bergen. Fylkesutvalet stiller seg bak dette prosjektet.
2. Fylkesutvalet ber om at det snarleg vert sett i gang eit arbeid med ein KVU for arm frå E 134 til Bergen.
3. For å sikra villreinkryssing og best mogeleg vintersikkerheit på Rv 7 over Hardangervidda må det vurderast å fylgja ~~konklusjonen~~ Statens vegvesen sin anbefaling i KVU Rv 7 frå oktober 2015.
4. Det er gjort store investeringar på E 16 over Filefjell som er føresett fullført innan 2018. ~~Fylkesutvalet viser at utbygging av Rv 52 er samfunnsøkonomisk ulønsam.~~ Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E 16 blir oppretthalde som det nordlege hovudsambandet mellom Vestlandet og Austlandet.
5. Fylkesutvalet vil peika på tidlegare vedtak om kor viktig ei utbetring av E 16 Bergen – «

**Nils Marton Aadland (H)** sette fram slikt forslag:

1. "Fylkesutvalet viser til at E134 er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Fylkesutvalet ber om at det snarleg vert sett i gang eit arbeid med ein KVU for arm (diagonal) frå E134 mot Bergen.
2. Uavhengig av status vil Rv 7 vere ei viktig trafikkåre mellom Hallingdal og Hardanger. Vegen vil også ha ein viktig funksjon som hovudvegsamband mellom Bergen og Oslo fram til E134 med arm til Bergen står ferdig. Det er vil derfor vere naudsynt med store investeringar på Rv7. «Konsept rv. 7 lang tunnel» vil gi den raskaste vegen og full vinterregularitet, samstundes som konflikt med villreinen blir fjerna. Av desse grunnane meiner fylkesutvalet i Hordaland at bygging av Rv 7 er den beste utbyggingsstrategien i tråd med departementet sine føresetnader om 2 aust-vest-samband
3. Konseptet for ein hovudveg over Hemsedal ville gje ein monaleg lengre veg mellom aust og vest enn det konseptet for Rv 7 gjer. Det er gjort store investeringar på E16 over Filefjell, som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E16 og Rv52 til saman stettar transportbehova i framtida mellom Sogn og Fjordane og Austlandet.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

1. «Fylkesutvalet viser til at E134 er valt som eitt av to nasjonale vegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Aust/vest-utgreiinga syner E134 med arm mot Bergen.
2. Fylkesutvalet peikar på tidlegare vedtak og føreset at det vert arbeidd vidare med, og bygd ein vintersikker Rv7 over Hardangervidda.

Det er særskilt viktig at ein i dette arbeidet byggjer miljøtunellar som sikrar villreinen i området. Fylkesutvalet vil såleis ikkje stilla seg bak dagens stengingsregime som løysing, og kan difor ikkje støtta at dette vert vidareført som sikring av villreinen på

Hardangervidda.

3. Fylkesutvalet ber om at det vert sett i gang eit arbeid med ein KVVU for arm mot Bergen.
4. Det er gjort store investeringar på E16 over Filefjell, som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet viser til at utbygging av Rv52 er samfunnsøkonomisk ulønsamt. Fylkesutvalet legg difor til grunn at E16 og Rv52 stettar transportbehova i framtida i denne delen av området.
5. Fylkesutvalet vil og peika på tidlegare vedtak om kor viktig ei utbetring av E16 Bergen-Voss er, då denne er viktig uansett om Rv7 eller Rv52 vert valt som 2. alternativ aust/vest til slutt.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

1. «Fylkesutvalet viser til at E134, saman med E16, er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Fylkesutvalet meiner det ikkje er grunnlag for å bygga ut Rv7 som nasjonalt hovudvegsamband aust/vest.
2. For å sikra villreinkryssing på Rv7 over Hardangervidda, føreset fylkesutvalet at dagens ordning med mellombelse stengingar vert oppretthalde og effektivisert. Om dette stengingsregimet i framtida likevel ikkje skulle vera tilstrekkeleg, må ein sjå på andre tiltak.
3. Det er gjort store investeringar på E16 over Filefjell, som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet viser til at utbygging av Rv52 er samfunnsøkonomisk ulønsam. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E16 og Rv52 til saman stettar transportbehova i framtida mellom Sogn og Fjordane og Austlandet.
4. Arna-Voss ein viktig del av framtidig løysing og fylkesutvalet legg difor til grunn at fullverdig utbygging etter k5 vert forsert på heile strekninga.
5. Hardanger treng sikre bruksveggar. Fylkesutvalet vil støtte ei utgreiing av bruksveg med gul stripe i regionen der Hordalandsdiagonalen vert vurdert.»

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram slik protokollmerknad:

«Partia Ap, KrF og Sp legg til grunn at Statens Vegvesen sin KVVU RV7 på Hardangervidda, inneber ei tunnelloysing på 6,25 km (Dyranuttunnelen).»

### Røysting

Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Aadland sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Kårbø sitt forslag fekk 7 røyster (A, KrF, Sp) og fall.

Innstillinga punkt 1, 3, 4 og 5 fekk 13 røyster (A, Sp, KrF, V, Frp, H) og vart vedteken.

Innstillinga punkt 2 fekk 14 røyster (A, Sp, KrF, MDG, V, Frp, H) og vart vedteken

### Vedtak

1. Fylkesutvalet viser til at E 134 er valt til nasjonal hovudvegsamband mellom Vestlandet og Austlandet. Aust/vest-utgreiinga synte at E 134 med arm til Bergen er det einaste samfunnsøkonomisk lønsame aust/vest-konseptet mellom Oslo og Bergen. Fylkesutvalet stiller seg

bak dette prosjektet.

2. Fylkesutvalet ber om at det snarleg vert sett i gang eit arbeid med ein KVU for arm frå E 134 til Bergen.
3. For å sikra villreinkryssing og best mogeleg vintersikkerheit på Rv 7 over Hardangervidda må det vurderast å fylgja konklusjonen i KVU Rv 7 frå oktober 2015.
4. Det er gjort store investeringar på E 16 over Filefjell som er føresett fullført innan 2018. Fylkesutvalet viser at utbygging av Rv 52 er samfunnsøkonomisk ulønsam. Fylkesutvalet legg derfor til grunn at E 16 blir oppretthalde som det nordlege hovudsambandet mellom Vestlandet og Austlandet.
5. Fylkesutvalet vil peika på tidlegare vedtak om kor viktig ei utbetring av E 16 Bergen - Aurland er.

**Protokollmerknad frå A, KrF og Sp**

Partia Ap, KrF og Sp legg til grunn at Statens Vegvesen sin KVU RV7 på Hardangervidda, inneber ei tunnelløysing på 6,25 km (Dyranuttunnelen).